Til Stord kommune og Fitjar kommune Fitjar 14/4-2026

**Eigenbetaling praktisk bistand**

NFU Stord, Fitjar, Tysnes oppmodar kommunane i Stord og Fitjar om å setja ned månadsabonnement for praktisk bistand betrakteleg i kommunebudsjettet 2027 for dei personane som har nettoinntekt 2-3 G.

Dei betaler no 2353 kr i månaden i Stord kommune og 2262 kr i Fitjar kommune for denne tenesta. Det er mykje pengar for personar i denne inntektsgruppa, særleg for dei som ligg like over 2G.

Fitjar kommune og Stord kommune har ein mykje høgare eigenbetaling enn dei andre kommunane i Sunnhordland. Dei ligg og mykje høgare enn store bykommunar og andre nærliggande kommunar.

NFU har samanlikna eigenandelane for alle kommunane i Sunnhordland i tillegg til dei to nærliggande kommunane til Fitjar ( Austevoll og Bjørnafjorden )og til dei to største byane på Vestlandet ( Bergen og Stavanger ).

Stord og Fitjar ligg særs høgt .

| **For dei med nettoinntekt 2-3 G** | | |
|---|---|---|
| | Timepris | Månadspris |
| **Stord** | 588 kr | **2353 kr** |
| **Fitjar** | 565 kr | **2262 kr** |
| Etne | 435 kr | 1670 kr |
| Sveio | 404 kr | 1657 kr |
| Tysnes | 417 kr | 1256 kr |
| Bergen | 292 kr | 1168 kr |
| Bømlo | 280 | 1160 kr |
| Kvinnherad | 471 kr | 1143 kr |
| Bjørnafjorden | 285 kr | 1140 kr |
| Stavanger | 588 kr | 1034 kr |
| Austevoll | 466 kr | 931 kr |

Fitjar og Stord kommune har eigenbetaling pr månad på henholdsvis 2262 kr og 2353 kr.

Den gjennomsnittlege eigenbetalinga pr månad for dei fem andre kommunane i Sunnhordland er på 1377 kr pr månad ( varierer frå 1143 kr – 1670 kr ). Stord og Fitjar ligg nær 70 % høgare enn dette gjennomsnittet.

Om me tek med alle dei 9 kommunane i tabellen ( alle utanom Stord og Fitjar ) er gjennomsnittet 1240 kr.

Stord og Fitjar ligg om lag 100 % høgare enn bykommunane Stavanger og Bergen.

*Me gjer og merksam på at mange personar med utviklingshemming eller funksjonshemming betalar for praktisk bistand* ***kvar einaste månad i heile sitt vaksne liv.***

Andre personar som treng praktisk bistand er for det meste eldre personar som betaler for tenesta forholdsvis få år i løpet av livet.

NFU Stord, Fitjar, Tysnes synes det er urimeleg med så høge eigenandelprisar. Det går særleg utover dei som må betala for desse tenestene heile livet.

Me håpar på positiv behandling av dette innspelet.

Mvh NFU Stord, Fitjar, Tysnes

v/Kari Fjugstad Giske

Kopi

Dei politiske partia i Stord kommune og Fitjar kommune